

På nytt føreligg eit 100 siders Kvinnheradmagasin. Framsida er henta frå Spar Uskedalen med dei 4 blide jentene Inger Myklebust, Kjersti Børve, Kari Ljosnes og Gunn Mari Moberg i julestemning. I magasinet finn vi 5 sider frå Uskedalen, artiklar, bilete og lysingar.

Det er i minste laget og noko mindre en vi har hatt før. Her har vi alle ei oppgåve for å sjå til at bygda vert profilert i eit magasin med eit opplag på 16 000 og som går ut til alle husstandane i Kvinnherad, Odda, Stord og Ullensvang.

Det er imponerende å sjå kva Sigurd Vikøren i Prinfo Media får til. Med ein mann i redaksjonen er det eit stort arbeid med å skriva og samla så mykje redaksjonelt stoff og lysingar. Rett nok har Siggen hjelp frå gode medforfattarar frå ulike bygder.

Det er nyttig informasjon som kjem fram om Kvinnherad Vekstbedrift (tidlegare AFA) og sylteflesket laga av Gunn Mari. Her hadde vi venta ei overskrift som sa at det heimelaga sylteflesket høyrer heime i Uskedalen. Det same gjeld tekst til framsidebilete. Slik tekst blir vanleg skrive på side 2.

Elles finn vi gudstenesteliste for alle kyrkjene i advents- og juletida. Vi har merka oss at gudstenesta på juleafta blir omtala som Julekveldsgudsteneste. Vi spør om dette er eit lokalt omgrep eller om det er ein del av gudstenestereforma med oppstart 1. desember i år.

Av Kristian Olav Bringedal